



K Bognøy Tømrefirma  
Kollåsli 10  
5116 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7923 - 20/20437

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
22.04.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 323/114 Frekhaug

### Tiltak:

**Byggjestad:** Gbnr: 323/114  
**Tiltakshavar:** Geir Dahle  
**Ansvarleg søkjar:** K Bognøy Tømrefirma

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.04.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Nabovarsel  
Varsel må sendast til gbnr 323/4 Alver kommune.
- Situasjonsplan  
Ytre hovudmål på tiltaket må førast på situasjonsplanen.
- Teikningar  
Teikningane skal visa eksisterande og ny situasjon. Planteikningen må målsetjast.  
Dersom tiltaket medfører endringar i eksisterande bygg må det gå tydeleg fram av teikningane. Dette gjeld både fasade- og planteikningar.
- Utnyttingsgrad  
Samla bustadareal (her bruksareal) i bustadar, saman med areal i garasje og andre uthus skal ikkje vera meir enn  $\frac{1}{4}$  av arealet på tomten. Utnyttingsgrada er maksimalt 0,25.

Samla bruksareal er oppgitt til 146 m<sup>2</sup> som gjev ei utnyttingsgrad på 25 % BRA. Dersom etablerte uthus ikkje er med i arealrekneskapen vil utnyttingsgrada verta overskriden og det må søkjast om dispensasjon. Vi ber om at det vert gjort greie for dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.06.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Geir Dahle	Grønlandsvegen 3	5918	FREKHAUG
Geir Dahle	Grønlandsvegen 3	5918	FREKHAUG
K Bognøy Tømrerfirma	Kollåslia 10	5116	ULSET

### **Mottakarar:**

K Bognøy Tømrerfirma	Kollåslia 10	5116	ULSET
----------------------	--------------	------	-------